

Offisiell opning av ny fjøsbygning i Dyrvedalen



Foto: Magnhild Gjengedal



Foto: Magnhild Gjengedal

Laurdag 11 april var det offisiell opning av nytt mjølkefjøs hjå Bjørne Røthe og Mari Aker i Dyrvedalen. Dei har investert i ny og moderne driftsbygning med mjølkerobot. Bjørne Røthe opna med å fortelja litt om gardsbruket og drifta. Dei har i dag ein mjølkekvote på 300 000 liter i året, og har investert over 7 millionar i nytt fjøs. No har dei fått eit moderne og meir lett drive fjøs. Ordførar Hans Erik Ringkjøb stod for offisiell opning med tale og klipping av snor. Dette var hans fyrste høve til å delta på opning av nytt fjøs i Vossabygda, og han synest det er positivt og avgjerande for landbruket i Voss at fleire vil investere og gjera nysatsingar, også i ei tid med mykje

usikkerheit og krav om effektivisering. Han fram heva vidare at landbruket er den nest største næringa på Voss, og at satsing innanfor landbruket er viktig for rekruttering, arbeidsplassar, reiseliv, kultur og identiteten til vossabygda.

Nærings sjef Anders Gjøstein deltok også på opninga, og han tok fram at det er viktig å oppretthalde mjølkeproduksjonen på Voss. Kommunen står for om lag 25 % av mjølkeproduksjonen i Hordaland. For å halde denne posisjonen er det viktig med fornying av driftsbygningar og satsing på mjølkeproduksjon. Dette er og heilt avgjerande for at meieriet på Voss kan halde fram, med sine 25 arbeidsplassar. Han sa vidare at dersom Voss kommune skal klare å oppretthalde dagens tal med husdyrbrukarar på 346 bruk, må det til om lag 11 fornyingar/nybygg pr år. Då er sauehaldet inkludert. I dag er investeringstakten betydeleg lågare.